Saksprotokoll i Formannskapet - 24.10.2019

Votering: Tre røysta for rådmannen si tilråding. To (SP) stemte imot.

Formannskapet si innstilling til kommunestyret

Nissedal kommunestyre varslar i medhald av pbl §12-8 oppstart av arbeidet med detaljreguleringsplan for eit område som omfattar tømmerrenna, Jettegrytene i Reinfossen og ny bilveg frå Espestøylsvegen ved Koranmoen til Jettegrytene slik vedlagte kartskisse viser. Føremålet med planarbeidet vil vere å sikre eit objektvern av tømmerrenna men til bruk som gangveg, ei omregulering av området Jettegrytene med omkringliggande areal til friluftsføremål, og ei regulering av bilvegstrasé og parkeringsplass som ny tilkomst til Jettegrytene frå Espestøylvegen.